

## SELJA – NOREGS FØRSTE KRISTNE HEILAGSTAD

*Øya Selja, like sør for Stad i Nordfjord, er ein av dei eldste, viktigaste og mest interessante kyrkehistoriske stadene i Noreg. Med si over tusenårige historie er Selja den staden som klarast formidlar røtene for kristendomen og Kyrkja på Vestlandet. Helgentradisjonen, saman med ruinane av mellomalderanlegget og den naturmessige plasseringa anlegget har, gjer at turistar og pilegrimar også i dag søker helgenstaden. Selja er såleis framleis viktig både som identitetsskapandes kulturminne og som pilegrimsmål.*

*Alf Tore Hommedal er mellomalderarkeolog og har arbeidd med arkeologiske utgravingar ved mellomalderanlegget på Selja. Han er førsteamanuensis ved Bergen Museum, Universitetet i Bergen.*

Selja er martyrstaden for dei fyrste norske helgenane, St. Sunniva og Seljumennene, irske flyktningar som etter legenda søkte tilflukt og leid martyrdøden på øya midt på 900-talet. Kong Olav Tryggvason skal i 996 ha funne relikviane av dei heilage. Dette gav grunnlaget for framveksten av heilagdomen på Selja, med etableringa av eit helgen- og klosteranlegg som vi framleis ser ruinar av på øya. Selja fungerte også på slutten av 1000-talet som det fyrste bispesetet på Vestlandet. Etter at Sunnivaskrinet i 1170 vart overførte til Bergen, dit bispesetet alt tidlegare var flytta, blei også denne byen sentral for utviklinga av helgenkulten. Sunniva vart ikkje berre "*bergensium patrona*" – verje for bergensarane, men er også omtala som "*patrona noruegie*" – Noregs verje. I kulten rundt desse vestnorske helgenane er altså Selja og Bergen uløseleg knytte til einannan. Frå Selja og Bergen spreidde kulten seg i høg- og seinmellomalderen til heile Noreg og Norden. St. Sunniva og Seljumennene vart æra alt frå Skálholt på Island i vest til Åbo i Finland i aust, og frå Lebesby i Finnmark i nord til Stralsund i Tyskland i sør.

Dagens ruinar av det monumentale steinanlegget på Selja ligg som ei eining men kan likevel delast i to grupper: Ruinane av benediktinarklosteret ligg på ei vestvendt slette, der vi framleis ser det firefløya anlegget oppført som ein tradisjonell klosterfirkant. Klosterkyrkja, vigd den engelske martyren St. Albanus, ligg på tradisjonelt vi i nordfløyen av klosterfirkanten, som no har steinmurar bevart i frå 0,5 til 2-3 m høgde. Berre vesttårnet av Albanuskyrkja står i dag i full høgde og er eit blikkfang og karakteristika for heile anlegget. I tillegg til den sentrale klosterfirkanten er det bevart restar av tre frittliggjande steinbygningar, mellom dei sannsynlegvis gjesteherberge og naust. Kyrkjegarden er også godt synleg, og det same er hellegangar og fleire steingjerde. Med unnatak av den eldste, vestre delen av klosterkyrkja, som i fylgje kunsthistorikaren Marit Nybø er oppført seint på 1000-talet og såleis mellom våre tidlegaste steinkyrkjer, må heile dette anlegget ut frå murkarakteren vera oppført i andre halvta av 1200-talet eller fyrst på 1300-talet. Benediktinarane etablerte seg likevel på Selja lenge før dette, kanskje alt på slutten av 1000-talet. Ruinane avspeglar eit anlegg av store dimensjonar i norsk samanheng. Benediktinarane må ha vore sentrale både i utviklinga av det tidlege bispesetet og – ikkje minst – i utvikling av helgenanlegget og drifta av dette. Klosteranlegget vart truleg nedlagt som sjølvstendig klosterkommunitet ca. 1470 og underlagt Nidarholm-klosteret ved Trondheim, men så seint som i 1522 er det dokumentert tilhald ved anlegget. Det er ikkje utenkjeleg at dei som då heldt til på Selja hadde som si hovudoppgåve å halda oppe det liturgiske livet ved helgenstaden.

Den andre gruppa ruinar, av helgen- og valfartsanlegget, ligg oppe i ei traktforma fjellsida bak klosteret og med kort avstand til dette. Lengst inne på ein stor, oppmura steinterrasse frå 1100-talet, tolka som den liturgiske samlingsstaden for pilegrimar til heilagstaden, finn vi restane av den vesle romanske Sunnivakyrkja, oppført seint på 1000-talet eller tidleg på 1100-talet. Vidare opp like bak denne kyrkjeruinen ligg sjølvje Sunnivahelleren med Sunnivahola. Det var der St. Sunniva og fylgjet hennar etter legenda leid martyrdøden, og denne staden er såleis utgangspunktet for heile helgenkulten og mellomalderanlegget. Handskriftet «Flateyrbok» sin versjon av Olav Tryggvasons saga, ført i pennen i 1380-åra, fortel fylgjande om anlegget: «*Framføre denne (Sunniva)kyrkja, som ligg ved helleren, let Olav konge gjere eit stort steinlad, så høgt og sterkt som det traustaste byggverk. Mange seier at dette er det største manneverk av dette slaget som er bygd.*» Dateringa er neppe rett, men viser at det på 1300-talet var gått så lang tid sidan oppføringa av terrassen at opphavsmennene var gløymde. Sitatet seier dessutan noko om dimensjonane og samtidas oppfatting av anlegget. Helleren fungerte som eit kapell, og på denne bakgrunnen har Sigrid Undset ein gong har kalla Sunnivahelleren på Selja for «det ældste kirkehvelv som vi har tilbake her i landet». Pilegrimspresten Arne Bakken har, i allegoriske vendingar, jamført helleren med ei «livmor» som fødte Kyrkja i Noreg.

Det er dette helgenanlegget, med legendetradisjon og valfartstradisjon i gamal og ny tid, vi i det følgjande skal konsentrere oss om.

### **Selja og etableringa av Kyrkja i Noreg**

Kulten rundt dei heilage frå Selja er altså den eldste helgenkulten i Noreg og nøye knytt til det tidlege kristningsarbeidet i landet. Olav Tryggvason skal ha oppdaga heilagdomen på øya alt året etter at han var komen til landet og frå Moster hadde sett i gang kristningsverket sitt. Når vi veit kor sentralt helgenkult stod i forkynninga og det liturgiske livet for Kyrkja i mellomalderen, er det klart at ei tidleg etablering av ein kult rundt heimlege helgenar ville vera ein styrke for utviklinga av Kyrkja i Noreg. For kongen og medhjelparane hans, som akkurat hadde denne etableringa av Kyrkja for auga, må relikviefunna på Selja såleis ha kome som "manna frå himmelen", dersom dei då ikkje sjølvje, som vi seinare skal sjå, kan ha hatt ein finger med i spelet. Men uansett om det no var Guds eller Olavs finger som var inne i biletet på Selja - eller kanskje begge - må altså helgenane frå øya ha vore sentrale ved etableringa av kristendommen og Kyrkja her i landet. Gjennom dei heilage frå Selja kunne kongen heimleggjere den nye religionen for nordmennene. Kristendommen vart gjennom Selja-relikviane «grunnfesta» i norsk jord.

Den tidlege, sentrale betydninga helgenstaden hadde ser vi også i forteljningane rundt den neste kristningskongen, Olav Haraldsson (den heilage). Det er såleis ikkje tilfeldig at sagaen la Olav sin heimkomst til Selja, då han i 1015 kom til Noreg for å ta kongemakta og starte kristningsarbeidet sitt. Rett nok var Selja ei naturleg innfartsåre til landet. Men det vart nok også sett på som viktig at kongen starta gjerninga si i det som på Olavs tid – eller i alle fall på tidspunktet for utforminga av saga – vart oppfatta som Kyrkja sine røter og eldste heilagstad i Noreg. Dette vert tydeleg illustrert ved at kongen, i fylgje Snorre Sturlason si Olavssoge, gleid då han gjekk opp på øya: ”Du datt ikkje konge; men no feste du fot i landet.’ Kongen lo og sa:’ Såleis kan det vera om Gud vil.’” Allegorien i at den komande ”*rex perpetuus norvegiae*” – Noregs evige konge – på Selja sette fotsprett sitt i Noregs heilage jord, understrekar aksent på Selja – Nidaros og framhevar Selja som religiøst utgangspunkt for det som seinare skjedde på Stiklestad og i Nidaros! Olav kan også sjåast på som ein i første generasjons pilegrimar til Selja.

### **Dei heilage frå Selja. Legende og røyndom**

Helgenkulten på Selja kan på vitskapeleg grunnlag først attende til tida omkring år 1000 eller tidleg på 1000-talet, altså til tida då kultstaden etter legenda vart etablert. Opphavleg synest kulten berre å ha omfatta dei upersonifiserte seljumennene, medan den personifiserte Sunniva først utkrystalliserte seg i kulten mellom ca. 1100 og 1140. Sunniva er dermed neppe ein historisk person, sjølv om seljumennene – fylgjet hennar – kan vera historiske. Arkeologiske undersøkingar ved helleren der Sunniva og seljumennene skal ha lide martyrdøden, har påvist spor av ein jernalderbusetnad i helleren i perioden 200-600 e.Kr, altså minst 400 år før dei irske flyktingane skal ha kome til øya. I slike jernalderbusetnader var det ikkje uvanleg at ein gravla sine døde på staden, og skjelettdeler er påvist frå fleire slike hellerbusetnader, også i Nordfjord. Det er dermed ikkje utenkjeleg at det er funn av tilsvarande menneskebein som på Olav Tryggvasons tid har danna grunnlag for relikviane av dei heilage. Dette forhindrar sjølv sagt ikkje at folk frå vest i perioden etter jernalderbusetnaden har kome til øya, utan at det i vår tid er påvist spor av dei. Legenda kan såleis byggje på fleire komponentar.

I alle høve er Legenda om dei heilage frå Selja, slik vi kjenner henne, tilpassa Kyrkjias syn på legendelitteratur og såleis ikkje sann, i vår tids forstand av ordet, i alle detaljar. Legenda er då også tydeleg påverka av den tyske legenda om St. Ursula og dei 11000 jomfruene i Køl. Det er i denne samanhengen interessant at alt Adam av Bremen, som ca 1070 har den fyrste kjente omtalen av det som må vera Selja-helgenane, var spørjande til kven desse var og undrast på, om det kunne vera nokre av jomfruene frå Køl som var hamna i Noreg. Adams undring er ein god illustrasjon på korleis legenda kan ha fått si form: Ein kan rett og slett ha lagt saman to og to og fått fem, for deretter å leggja saman fem og fem og få elleve! Utforminga har skjedd over lang tid, fleire hundre år, og det treng såleis langt frå vera ein medviten falsifikasjon av forteljinga.

Men sanningsspørsmålet var for så vidt ikkje det vesentlege ved Kyrkjias helgenforteljingar. Heller ikkje Olavslegenda er i alle sine detaljar historisk sann, sjølv om helgenkongen St. Olav utvilsamt byggjer på ein historisk person. Ei legende skulle formidla eit føredøme på eit kristent liv. Det var som eit slikt ideal både St. Olav og St. Sunniva og seljumennene hadde si viktigaste oppgåve. For menneska i mellomalderen, og også for mange i vår tid, er såleis St. Sunniva og seljumennene uansett ein røyndom - som eit religiøst føredøme.

Uansett kva som var utgangspunktet for helgenlegenda på Selja, vart helgenstaden altså viktig for den tidlege Kyrkja i Noreg. Same kva den historiske sanninga om St. Sunniva og seljumennene er, står det fast at det på Selja vart oppført eit mektig helgenanlegg til deira ære. Likeins at relikviane av Sunniva i 1170 vart overførte til domkyrkja Bergen. Og uansett kva som vart overført – om dette verkeleg var levningane av ei heilag irsk kongsdotter eller berre beinrestar oppfatta som hennar – har desse leivningane for bergensarane og nordmennene elles vore dei reelle Sunniva-relikviane i over 360 år, like fram til reformasjonen i 1536. Gjennom mesteparten av mellomalderen var St. Sunniva og helgenskrinet hennar ein røyndom for bergensarane og vestlendingane. Det same var relikviane av seljumennene, som vart verande på Selja også etter 1170 og danna grunnlaget for vidare helgenkult også der.

### **Valfarten til helagdomane på Selja og i Bergen**

Som alt nemnt synest den personifiserte Sunniva først å utkrystalliserte seg i kulten mellom ca. 1100 og 1140. Det er også nemnt at utbygginga av det store terrasseanlegget kan vera gjort som del av legitimeringa av Sunnivafiguren innan seljemannakulten. I ein slik

legitimeringsprosess må det for Kyrkja også ha vore viktig å få trekt pilegrimar mot helgenstaden.

Dei eldste, skriftege mirakel- og valfartsomtalanne finn vi i ein hymne frå ca. 1150-70, overlevert i det bevarte Sunniva-offisiet, dvs. messetekstar knytte til Seljumannamesse 8. juli. Når ei lam kone «*med hjelp frå Herren gjekk frisk heim att*» etter å ha vendt seg til dei heilage, er dette sannsynlegvis tenkt i ein samanheng der kona har oppsøkt dei heilage på Selja. Det blir også fortalt at «*I St. Sunniva basilika overnatta ei jente som var fødd blind, men ho går lækt ut, og kan gleda seg over det underfulle (morgon)ljuset*». Denne hendinga må i alle høve syne til Selja. Det same gjeld ein mirakelomtale som: «*Ein kunne konstatera at barnet kom ut gjennom veggen (livmora), men så fall ned frå fanget åt mora og utånda. Takk vera heilagmenna vart guten likevel gjeven levande attende til mor si på Selja*». Sjølv om den historiske kjeldeverdien i utsegnene kan diskuteras, fortel dei likevel om valfart til Selja på 1100-talet. Den islandske historieskrivaren Odd Munk nemner på slutten av 1100-talet også at mange blir lækte ved bekken som kjem opp inne i Sunnivahelleren.

Etter at Sunniva-skrinet, og dermed hovudrelikvien innan kulten, i 1170 var overført til Bergen, vart relikviane av Seljumennene verande og danna grunnlag for vidare pilegrimsfart til øya.. Utbygginga av benediktinarklostret på 1200-1300-talet syner dessutan klart at staden var levedyktig også etter 1170. Dette innbefattar helgenanlegget som må ha vore i bruk utover i seinmellomalderen. Ut frå Missale Nidrosiense veit vi at Seljumannamesse 8. juli på tidleg 1500-tal var ein festdag *maius duplex*, altså av nest høgste grad. Seljumannamesse har såleis vore ein av dei største festdagane i landet, medan translasjonsfesten 7. september, altså minnedagen for overføringa av skrinet til Bergen, ser ut til å ha vore ein meir lokal fest innan Bergen bispedøme.

Det var då også helgenane frå Selja, personifisert i St. Sunniva, som gav den religiøse identiteten til Bergen by og bispedøme i mellomalderen. Sunnivaskrinet stod i Bergen domkyrkje i 361 år. Skrinet og kulten i Bergen er fleire gonger omtala i skriftlege kjelder, t.d. i samband med bybrannane i 1170/71 og 1198, då skrinet vart bore mot elden og Sunniva synte seg som sann vernar av byen. I 1191 blir det fortalt at «*den hellige Sunnivas legeme hviler der (i Bergen) på en forhøyning i domkirken*». Om lag på samt tid blir offergåvene som kom inn til Sunniva-skrinet omtala. Pilegrimsfarten til Bergen og Sunnivaskrinet var altså alt etablert på slutten av 1100-talet. Både skriftleg og ikonografisk materiale syner dessutan at Sunnivakulten har vore levedyktig gjennom heile mellomalderen. Fleire bilet- og figurframstillingar av Sunniva frå seint 1400-tal og tidleg 1500-tal kan faktisk tyde på at kulten var stått sterkt og vore i vekst fram mot reformasjonen i 1530-åra.

Kva er det då som gjer at valfarten som i fleire hundre år må ha vore knytt til Selja og Bergen, i så liten grad har sett forventa spor etter seg, t.d. i stadnamn langs pilegrimsvegane? Ein viktig grunn til dette må liggja i reisemåten. Ut frå Selja si plassering ved kysten og midt i skipsleia låg helgenstaden svært sentralt til for all ferdsle langs norskekysten. Det er denne reiseruta – *skipsleia* – pilegrimane har fylgt. Selja-fararane har dermed ikkje sett same spor etter seg i stadnamn og liknande som ved pilegrimsvegar over land. Dette avspeglar også det faktum at Noreg, ferdslemessig sett, kan delast i ein austleg og vestleg/nordleg del. I aust har dalføra vore ferdsleveggen, så også for pilegrimar mot Nidaros. I vest og nord har kystveggen vore dominerande valfartsveg. Ein fylgde berre den vanlege reiseruta, med eventuelle stoppestader som også vart nytta av andre reisande. Dette må for valfarten frå Nord-Noreg ikkje berre gjelda mot Selja/Bergen, men også mot Nidaros. Sjølv sagt kan det mot ei slik tolking innvendast at ei pilegrimsreise med båt ville vera ein for enkel reisemåte. For

pilegrimen var ikkje berre målet, men også sjølve reisa viktig, og ho skulle difor gjerne vera litt "strabasiøs". Men ei båtreise var langt frå utan strabasar. Det reint praktiske har nok dessutan vore det avgjerande. Den enklaste måten å kome til Selja på var akkurat sjøvegen. Alt Adam av Bremen anbefaler ca 1070 ei slik reise for pilegrimar. Det er såleis klart at kystvegen har vore ei sentral pilegrimsrute i valfarten til Selja og andre valfartsmål i Noreg – då også Nidaros.

Ved slutten av mellomalderen og dermed av katolsk tid i Noreg, ser Sunnivakulten ut til å ha vore ein sterkt levedyktig og blomstrande kult. Dette gjeld ikkje minst Nord-Noreg, der ein stor del av dei bevarte biletfremstillingane av Sunniva er ifrå. Denne populariteten har tradisjonelt vore forklart som resultat av den nære kontakten som då var mellom denne landsdelen og Bergen. Dette må forsåvidt vera rett, men vi skal også minna om den sentrale geografiske plasseringa Selja hadde i skipsleia mellom Bergen og det nordlege Noreg og like ved Stad. All skipstrafikk mellom byen og den nordlege landsdelen måtte gjennom heile mellomalderen passere helgenanlegget, som med sine kvitkalka terrassemurar må ha vore godt synleg også ute frå skipsleia. For dei reisande, som skulle eller akkurat hadde passert det farefulle Stad, ville det då vera naturleg å vende seg til helgenane frå Selja og kanskje også vitja og gje sine gåver ved martyrstaden for den helgenen dei kjende så godt, enten frå katedralen i Bergen eller frå si eiga kyrkje i Nord-Noreg. I det bevarte officiet for Seljumannamessa blir Sunniva alt på 1100-talet omtala som verner for sjøfarande: «*Eit skip vart skadd i malstraumen; dei bad til Sunniva; lasta tok alt til å strøyma ut. Skipet sokk, men mannskapet vart berga.*» Helgenanlegget på Selja må såleis ha vore med på å underbyggja og forsterka den rolla Sunniva-kulten i seinmellomalderen ser ut til å ha hatt i det nordlege Noreg. Denne kontakten mellom Selja og nordlandsfararane ser vi også indirekte i ei segn som fortel at det i Nordland skal finnast eit Sunniva-bilete som mannskapet på ei nordlandsjakt fann drivande på Stadhavet. Det er såleis ikkje utenkjeleg at helgenanlegget på Selja, den siste tida det fungerte, kan ha eksistert som ein stoppestad akkurat for desse reisande langs kysten.

Med den levedyktige Sunniva-kulten vi ut frå dateringane av det ikonografiske materialet ser ut til å ha hatt i Noreg ved reformasjonen, må forestillingane om St. Sunniva og seljumennene ha vore levande langt inn i etter-reformatorisk tid. Dette ser vi også i den vestnorske namnetradisjonen, der jentenamn som Synva og Synnøve har vore vanlege like opp i nyare tid, då Sunniva-namnet igjen har fått innpass. Dessutan vart det på Selja så seint som i 1811 i ruinane av helgenanlegget funne "*en stor Mengde, af Fyrrepinde raat tildannede Kors*", som sannsynlegvis har vore votivgåver, enten frå lokale folk eller frå reisande langs kysten. Krossane må vera nedlagde lenge etter reformasjonen, då slike furupinnar i løpet av 300 år ville ha morkna vekk på ein så vêrhard stad som Selja. Dette kan såleis tyde på at Selja som valfartsstad ikkje vart borte ved reformasjonen, men i mindre målestokk og i løynd har levt vidare langt inn i etter-reformatorisk tid. Selja kan såleis vera ein parallell til den dokumenterte valfarten til krusifikset i Røldal stavkyrkje i Hordaland.

### **Selja som kulturminne og pilegrimsål i vår eiga tid**

Noko av det særmerkte ved Selja, slik øya ligg i dag, er det urørte landskapet. Etter nedlegginga av helgen- og klosteranlegget har vestre delen av øya lege tilnærma urørt og berre vore nytta som utmark. Dette gjev mellomalderuinane ei unik landskapsmessig ramme med svært høg kulturhistorisk verdi. Selja rommar eit unikt kjeldepotensiale t.d. når det gjeld kyrkjehistorie, arkitekturhistorie, førhistorisk arkeologi, mellomalderarkeologi og agrararkeologi. Det ligg dermed store forskings- og forvaltningsmessige utfordringar i

ivaretakinga av kulturlandskapet og det samla kulturminnet Selja. Dette er Riksantikvaren no klar over. Direktoratet planlegg fleire forvaltningsmessige prosjekt, godt assistert av t.d. Bergen Museum og Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU).

Det er likevel lokalsamfunnet som er den viktigaste arenaen for forvaltninga og formidlinga av Selja. Engasjeringa av ungdom ved ruinrestaureringa i 1930-åra gav ein generasjon som i all si levetid hadde ei eiga ansvarskjensle for anlegget. Likeins er vår tids sterke lokalinteresse utvilsamt delvis eit resultat av tusenårsjubileet for helgenstaden i 1996. Dette har også ført til ei vidareutvikling av kulturarrangementa rundt Seljeumannamesse 8. juli, og likeins mot dei nyoppretta Sunnivafestspela ved tidspunktet for mellomalderens translasjonsfest 7. september. Selje kommune er, i samarbeid med fylkeskommunen, også i gang med å byggje opp ein eigen forvaltarstilling for anlegget, noko som alt har gjeve gode resultat. Likeins har foreninga "Venner av Selja Kloster", oppretta i 2005, alt vore ein sentral bidragsytar både i forvaltninga og formidlinga av Selja, ikkje minst gjennom utarbeidinga av den første faste utstillinga om anlegget. I alle aktivitetar er det lokale næringslivet heile tida viktige bidragsytarar. Tilrettelegginga for ein positiv bruk av kulturminnet på Selja er såleis i god gjenge. Men bruken av Selja i slike arrangementsamanhenger må skje på kulturminnet sine premissar, noko som diverre ikkje alltid har vore tilfelle. Der er også alltid fare for at historisk-inspirerte arrangement på slike stader vil få eit for "teatralsk" innslag.

Men med den nasjonale verdien som kulturminna og kulturmiljøa på Selja har, bør andre enn lokalsamfunnet også vera med på å dra lasset. Styresmaktene innan kulturminnevernet synest no å vera klar over dette. Det er på tide at også Den norske kyrkja ved Kultur- og kyrkjedepartementet (KKU) ser det utviklingspotensialet som ligg i historia og kulturminna på Selja. Det er såleis uforståeleg at Selja mest er marginalisert i KKU rapporten "*På livets vei. Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt*" som kom våren 2009. I ei slik satsing burde departementet tvert om vera ein pådrivar i tilrettelagt bruk og formidling av denne sentrale kyrkjehistoriske staden.

For vår eiga samtid ser ei aukande interesse for Selja også som heilagstad. Pilegrimar søker, med Guds hjelp, på nytt styrke ved martyrstaden for St. Sunniva og Seljumennene. Det må vera god plass for dei pilegrimane som også i dag kjem til Selja. Men helgentradisjonen, kombinert med mellomalderruinane og den mektige, naturmessige plasseringa anlegget har, gjer øya sær eigen for dagens menneske uavhengig av tru. Staden innbyr til meditasjon og gode, sanslege opplevingar for alle. Det kan i dag dermed vera vanskeleg å dra ei klar line mellom turistar og pilegrimar til øya. Som religionshistorikaren Lisbeth Mikaelsson har påpeika, er Selja i dag ein heilag stad for nokre menneske, ein "spesiell" stad for mange fleire. Også dette "spesielle" har åndelege overtonar. Som ein heilag stad i vår samtid, går Selja ut over konfesjonsgrensar og illustrerer den flytande overgangen mellom truande og ikkje-truande. Dessutan er utgangstematikken for legenda, framandfrykt og spørsmål om flyktningar og asyl, diverre skremmande aktuell også i våre dagar. Slik sett er Selja ikkje berre ein historisk og heilag stad, men også eit "memento" til våre eigne haldningar og handlingar.

## Litteratur

Djupedal, Torkjell 1996: *Selja. Kulturhistorisk handbok*. Selja.

Hommedal, Alf Tore 1996a: "Sankta Sunniva og Seljumennene - legende og røyndom". *St. Olav. Katolsk tidsskrift for religion og kultur*. Nr. 8 1996. Årgang 108. Oslo. S.3-6.

Hommedal, Alf Tore 1996b: "Selja. Helgenstad i tusen år. Eit forskingshistorisk bidrag om minnesmerket på øya Selja i Nordfjord". I: *Fortidsminneforeningens Årbok 1996*. Oslo 1996. S. 17-60.

Hommedal, Alf Tore 1997a: "Bakgrunnen for helgenanlegget på Selja og staden si rolle i den tidlege kristninga av Vest-Noreg". I: Magnus Rindal (red.): *Selja - heilag stad i 1000 år*. Oslo. S.43-76.

Hommedal, Alf Tore 1997b: "'Dei heilage frå Selja'. Vurdering av kulten rundt St. Sunniva og Seljumennene og Selja si rolle som pilegrimsmål i mellomalderen". I: Magnus Rindal (red.): *Selja - heilag stad i 1000 år*. Oslo. S.183-199.

Hommedal, Alf Tore 2005: "Selja og Stad: Ein heilagstad i eit kulturmiljø". I: (John Arne Balto, red.) *Fortidsvern* Nr. 2/2005. Oslo: Fortidsminneforeningen. S. 11-13, 45.

Mikaelsson, Lisbeth 2005: "Locality and Myth: The Resacralization of Selja and the Cult of St. Sunniva". I: *NUMEN, Vol. 52. Koninklijke Brill NV*. Leiden. S. 191-225.

Nybø, Marit 2001: "Albanuskirken på Selja. Nye resultater – nye perspektiver." I: *Fortidsminneforeningens Årbok 2001*. Oslo 2001. S. 111-124.

Rindal, Magnus (red.) 1997: *Selja - heilag stad i 1000 år*. Oslo.

Selberg, Torunn 2005: "The actualization of the sacred place of Selja and the legend of Saint Sunniva". *Arv. Nordic yearbook of Folklore* 2005;61:129-164.